



Meland kommune
Sagstad skule
Sagstadvegen 76
5918 Frekhaug

Tlf: 56171300
Heimeside: www.minskole.no/sagstad
Epost: post.sagstad.skule@meland.kommune.no

Sagstad skule, 17.06.14

SOMMARHELSING FRÅ REKTOR

Kjære alle saman.

Etter eit langt skuleår med mykje arbeid for læring, ser alle vaksne og born fram til ein lang sommarferie.

Fredag 20. juni er siste skuledag før ferien. Dagen er slutt kl. 13.05 og SFO har vanleg opningstid.

Takk til FAU

Sagstad skule er glad for at vi har eit aktivt og engasjert FAU ved skulen. Det kan nemnast disco, i regi av FAU som alltid er ein suksess, og trafikkaksjonen.

I tillegg ser «Aktive skuleborn» aksjonen ut til å verte eit fast innslag om våren.

Fleire undersøkingar tyder på at born som er fysisk aktive har betre konsentrasjonsevne. Dette kan være med på å forklare positive samanhengar mellom skuleprestasjonar og fysisk aktivitet.

Undersøkingar tyder på at fysisk aktive born blir motorisk gode, og god motorikk gjer borna tryggare på seg sjølv og meir populær i jamnaldersgruppa. Dette kan igjen føre til at elevane blir meir motiverte for skulearbeid fordi dei trivast på skulen.

Slik sett kan fysisk aktivitet indirekte føre til betre prestasjonar i for eksempel matematikk og språkfag.

Takk til trivselsleiarane

Skulen har og dette skuleåret vært med i trivselsleiarprogrammet. Trivselsleiarane på skulen gjer ein kjempejobb. Alle på skulen er glade og stolte av den jobben dei gjer. Skulen har planar om å halde fram med i trivselsleiarprogrammet skuleåret 2014/2015. På «Open skule» fekk vi inn kr. 27000. Dette er eit fantastisk resultat. Desse pengane vil bli brukt til innkjøp av meir trivselsleikar.

Mobbing

Sagstad skule har dei siste åra hatt for høge tal på elevar som vert mobba. Det var bakgrunnen for at vi hausten 2013 blei med i Zeroprogrammet mot mobbing.

Måndag 19. august hadde vi ein flott «kick off» i Meland Aktiv med mellom anna konsert med Bjarte Leithaug.

Tilsette ved skulen har dette skuleåret blitt kursa i zeroarbeid og vi ser tydeleg at kompetansen i personalet har blitt høgare.

Vi er glade for å kunne seie at resultatet av Elevundersøkinga viser at skulen nå er på landssnittet når det gjeld elevar som vert mobba. Vi har høgare ambisjonar enn det og kjem til å halde fram det gode arbeidet også neste år.

Skulen sin handlingsplan mot mobbing er snart ferdig og skal til behandling i Skulemiljøutvalet til hausten. Den vil bli gjort tilgjengeleg for alle føresette så snart den er klar.

Dersom ein vil lære meir om Zeroprogrammet kan ein gjere det her:

<http://laringsmiljosenteret.uis.no>

Nytt skuleår

Neste skuleår vil ha dei same ringetider som i år. Det vil framleis vere trivselsaktivitetar i storefri frå måndag til torsdag.

Timeplanen vil bli sjåande ut som dette:

1. time (90 min).	08:30	10:00
Friminutt (15 min).	10:00	10:15
2. time (60 min).	10:15	11:15
Matpause (20 min).	11:15	11:35
Storefri (30 min).	11:35	12:05
3. time (60 min).	12:05	13:05
Friminutt (15 min).	13:05	13:20
4. time (60 min).	13:20	14:20

1. og 2. trinn er ferdig på skulen kl. 13.05 måndag, tysdag, torsdag og fredag og kl. 14.20 onsdag.

3. og 4. trinn er ferdig på skulen kl. 13.05 måndag, tysdag og fredag og kl. 14.20 onsdag og torsdag.

5. til 7. trinn er ferdig på skulen kl. 13.05 tysdag og fredag og kl. 14.20 måndag, onsdag og torsdag.

Første skuledag vert måndag 18. august. Vi ber alle elevane om å møte på Storeplassen kl. 08.30 for ein kort samling før ein går til klasseromma. Ta på klede etter vêrforholda.

Takk for i år!

Med dette vil Sagstad skule takke for godt samarbeid dette skuleåret. Vi ønskjer alle ein riktig god sommar og velkommen tilbake til eit nytt spennande skuleår i august 2014!

Venleg helsing

Magne Lædre
rektor